

Retningslinjer for tilskot til Utvald kulturlandskap - Alnes på Godøya

for å ivareta og fremje eit aktivt, ope og opplevingsrikt kulturlandskap:

Regelverket er utarbeidd på grunnlag av *Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap, FOR-2016-08-10-966*

Føremål

Føremålet med tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap er å medverke til å sikre verdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne og kulturmiljø, og å sikre langsiktig skjøtsel og drift.

Verkeområde

I Giske kommune gjeld forskrifta innanfor grensene for Naturbasefiguren *Helhetlig kulturlandskapsområde* på Godøya.

Tildeling av tilskot

Fylkesmannen kan gje tilskot til tiltak som er i samsvar med føremålet for ordninga.

Tiltaka må også vere i samsvar med gjeldande planar for området. Dersom søkjar ikkje er grunneigar, må det ligge føre løyve frå grunneigar og andre rettshavarar.

Tiltak

Fylkesmannen kan løyve tilskot til fylgjande tiltak:

- Restaurering og skjøtsel av areal.
- Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av bygningar og andre kulturminne
- Planlegging av tiltak
- Tilrettelegging for ferdsel
- Formidlingstiltak
- Andre tiltak som fremjar føremålet med ordninga

Søknad

Søknadsfrist for 2018 er 1. juni.

Søknaden sendast på eit eige søknadsskjema som finst på Fylkesmannens nettside www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal. Søknaden skal innehalde ei skildring av det planlagde tiltaket, budsjett, gjennomføringsplan, og tiltaket skal merkast av på kart vedlagt søknaden.

For tiltak som gjeld utbetring av bygningar og andre kulturminne, skal søknaden godkjennast av Møre og Romsdal fylkeskommune si kulturavdeling før det kan løyvast tilskot.

Arbeidsfrist

Frist for gjennomføring av tiltaket 3 år frå det blir løyvd tilskot, med mindre Fylkesmannen har satt ein kortare frist ved innvilging av søknaden. Fylkesmannen kan etter søknad forlenge arbeidsfristen, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet vart løyvd.

Utbetaling av tilskot og krav om rapportering

Fylkesmannen betalar ut det løyvde tilskotet etter skriftleg melding frå søkjar, etter at Fylkesmannen har godkjent sluttrekneskapen og sett til at vilkåra for løyvinga er oppfylt.

Det kan også betalast ut tilskot etter kvart som deler av tiltaket vert utført, på bakgrunn av godkjent dokumentasjon. Minst 25 % av tilskotet skal haldast attende til arbeidet er fullført, og arbeidet og sluttrekneskapen er godkjent.

Den som har fått løyvd tilskot skal levere sluttrapport og sluttrekneskap til Fylkesmannen innan fristen som er fastsett i vedtaksbrevet om tildeling av tilskot. Fylkesmannen kan gje nærare krav om rapportering i vedtaksbrevet.

Klage

Vedtak som er fatta av Fylkesmannen kan klagast inn til Landbruksdirektoratet etter reglane i Lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) kap. VI.

Klaga skal leggast fram for Miljødirektoratet og Riksantikvaren for eventuell uttale før det blir fatta vedtak.

Opplysningsplikt og kontroll

Den som søker om tilskot har plikt til å legge fram alle opplysningar som Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet finn nødvendig for å kunne forvalte og kontrollere ordninga.

Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan kontrollere at utbetaling av tilskot er i tråd med forutsetningane. Søkjar har plikt til å utlevere all bokføring, korrespondanse og andre opplysningar som vedkjem tilskotet. Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan gjennomføre stadleg kontroll.

Omgjering og attendebetaling

Tilskot som ikkje er brukt i samsvar med tildelingsvedtaket kan krevjast betalt attende.

Fylkesmannen kan gjere om vedtak om løyvde tilskot og utbetalt tilskot kan krevjast betalt attende dersom det blir avdekka forhold som er i strid med det som er forutsett ved løyving av tilskotet.

For krav om attendebetaling av tilskot kan det krevjast renter etter *Lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.*

For meir informasjon:

Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap, FOR-2016-08-10-966.

Landbruksdirektoratet si side om Utvalde kulturlandskap i jordbruket